

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Olav Grov
Arkivsaksnr.: 17/2593

Arkiv: A02

Norskopplæring for framandspråklege i Gaupne hausten 2017

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune løyver inntil kr 100.000 til norskopplæring av arbeidsinnvandrara, organisert av Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane. Løyvinga vert dekkja ved forbruk av næringsfondet.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Luster kommune søkte vinteren 2017 om statlege midlar til norskopplæring for arbeidsinnvandrarakar. Denne søknaden vart utforma i samarbeid med Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane, etter at det hadde vore kontakt med aktuelle verksemder i kommunen som har arbeidsinnvandrarakar tilsette. Det vart gjeve sterke signal om at søknaden ville bli stetta, men diverre fekk ikkje Luster kommune statlege midlar.

Ein arbeidde likevel vidare med planane og det er stor interesse for tilbodet. Tilbod om språkoplæring til arbeidsinnvandrarakar vart understreka som eit viktig bidrag til integrering både i drøftingar i formannskapet og i møte med verksemdene. Det vart derfor arbeidd ut eit tilbod våren 2017 som mange har respondert positivt på. Det er no grunnlag for å setja i verk to kurs i regi av Folkeuniversitetet i Gaupne.

I saka vert det tilrådd kommunal finansiering slik at opplegget kan gjennomførast.

Utval som har vedtaksmynde: Næringsutvalet

Fakta:

Luster kommune søkte vinteren 2017 om statlege midlar til norskopplæring for arbeidsinnvandrarakar. Denne søknaden vart utforma i samarbeid med Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane, etter at det hadde vore kontakt med aktuelle verksemder i kommunen som har arbeidsinnvandrarakar tilsette. Det vart gjeve sterke signal om at søknaden ville bli stetta, men diverre fekk ikkje Luster kommune statlege midlar.

Tilbod om språkoplæring til arbeidsinnvandrarakar vart understreka som eit viktig bidrag til integrering både i drøftingar i formannskapet og i møte med verksemdene. Det vart derfor arbeidd ut eit tilbod, der kommunen tek 50% av kostnaden med kursa, og bedriftene/kvar einskild tek den andre 50%. Det vart sendt brev til aktuelle verksemder og personar i juni 2017 og informasjonen låg ute på kommunen sine nettsider:

Luster Kommune vil i samarbeid med Folkeuniversitetet, tilby norsk-kurs for framandspråklege lokalt i Gaupne no til hausten.

Kursa vil starte på grunnleggjande nivå A1. Om det er ønskjeleg vil det og bli sett i gong A2 og B1 for dei som er litt vidarekomne. Kvart nivå er på 56 timar og vil gå på kveldstid frå kl. 18.00 – 21.00 enten ein eller to gonger i veka over 2-4 månader.

Nivåtestar kan gjerast gjennom å registrere seg på denne nettsida hjå Folkeuniversitetet: <https://cefr.folkeuniversitetet.no/>. Vi anbefaler at alle aktuelle gjer dette i forkant av påmelding.

Kommunen har frå før gjort eit arbeid med å kartleggje kva verksemder som kan ha behov for dette og alt tyder på at det er stor trong for denne typen kurs lokalt. Det er viktig at framandspråklege lærer seg godt norsk, slik at dei raskt kan bli integrert i det norske samfunn.

For verksemdene kan det vere avgjerande og viktig at dei tilsette har god forståing for norsk både munnleg og skriftleg. Om ein tilsett t.d. misforstår ei tinging på varer eller ikkje

skjøner HMS reglementet, kan det fort skape problem for verksemda. Det er difor i verksemdene si interesse å bidra til at flest mogleg gjennomfører kursa. Kommunen ønskjer å setje fokus på dette og ha eit godt samarbeid med det lokale næringslivet, slik at vi kan nå ut til flest mogleg av dei som treng denne typen opplæring.

*Luster Kommune tilbyr seg å betale halve kursavgifta. Normal pris er kr. 4590,- for denne typen kurs, så med kommunen sitt bidrag, blir prisen **kr. 2295,- pr deltakar**. Det vil så vere opp til verksemdene og den einskilde tilsette å bli einig om korleis resten av kursavgifta kan finansierast.*

Kommunen foreslår at det vert sett krav, slik at den tilsette ikkje får refusjon på restbeløpet, før vedkomande har bestått den offisielle testen. Då vert ein premiert for god innsats og ikkje minst godt oppmøte. Korleis verksemdene vil gjere dette, må likevel den einskilde leiar ta stilling til sjølv.

Søknadsfristen er fredag 25 august. Påmeldinga pr dato syner at det vil bli to A1 dvs to kurs på grunnleggjande nivå. Kursa vil ta til 12. september og Folkeuniversitetet har rekruttert lærarar til opplegget. Kursa vert på Gaupne skule.

Det vil truleg vere aktuelt å vidareføre desse kursa med kurs for vidarekomne. Då vert det søkt om statlege midlar.

Folkeuniversitetet skriv slik om det:

*Gode kollegar har gjort meg merksam på eit viktig moment ang. kompetansepluss og norsk. Dette kan gjerne forklare noko av grunnen til at de ikkje fekk innvilga søknaden sist. Norskopplæring i kompetansepluss er **ikkje** meint for dei som ikkje kan norsk i det heile teke frå før. Dei som skal gå på kurs i kompetansepluss, må difor ha gjennomført norsk på A1 nivå, slik at dei kan følge undervisninga på norsk. Dei som ligg på Norsk A2 nivå er innanfor.*

Dette gjer truleg at Luster Kommune vil stå vesentleg sterkare om de søker kompetansepluss no i november. Då kan ein kan vise til det gode og strukturerte arbeidet som kommunen no gjer i 2017 for å få fleire arbeidsinnvandrarakar opp på A2 nivå.

Vurdering:

Det har vore stor interesse frå både aktuelle bedrifter og arbeidsinnvandrarakar for norskopplæring.

Det er ikkje tvil om at det er viktig for lustrasamfunnet at så mange som råd av arbeidsinnvandrarakane lærer seg norsk. Språk er heilt avgjerande grunnlag for god integrering i lokalsamfunnet.

Luster kommune sin kostnad vil vere om lag 2300 kr pr deltakar. Dersom begge dei to kursa vert fullteikna, vert kommune sin kostnad om lag kr 70.000.

Dato: 21.8.17

Jarle Skartun
rådmann

Olav Grov
Næringsjef

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til: